

Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Sluttrapport BOLYST

Til: KMD

Fra: ØYLIV i Sunnhordland, tilsegnsnr: 13242026

Dato: 27.11.15

Kommune:	Bømlo, Stord, Kvinnherad, Austevoll
Prosjektnavn:	ØYLIV i Sunnhordland
Prosjektleder:	Prosjekteigar: Stord kommune v/ Guri Aksnes, guri.andresen.aksnes@stord.kommune.no Prosjektkoordinator: Øyvind Fagervoll Sortland, oyvindfs@hotmail.com
Leder i styringsgruppen:	Odd Harald Hovland, odd.harald.hovland@bomlo.kommune.no
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Kari Patricia Kleppe, kari.patricia.kleppe@hfk.no
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe x b) Forankring i befolkningen x c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt x
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	Auka tilflytting, trivsel, integrering og verdiskaping i dei fire øysamfunna. Gjennom prosjektet har øysamfunna hatt positiv utvikling på alle desse fire hovudområda. Til dels har det vore svært positiv utvikling og alt i alt ser me at alle måla er nådd. På same tid ligg det i eit slikt prosjekt at ein stadig søker å koma vidare og oppnå stadig meir utvikling.
Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?	Målgrupper er fastbuande, potensielle tilflyttarfamiliar, hyttefolk og besøkande til øyene. Prosjektet er godt etablert og forankra lokalt. Ein har nådd fram til nye tilflyttarar, men korleis best nå fram til desse er eit tema som alltid er aktuelt. Gjennom store kulturarrangement har øyene vorte synleggjort og ein har hatt stort høve til å nå målgruppa.
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak	Det har vore halde seks ordinære møter i styringsgruppa, ei todagars samling og tre telefonmøter i prosjektperioden dei to siste åra. Møtene/samlingane er ei svært viktig arena for erfaringsutveksling og nettverksbygging. Som markering av at prosjektperioden gjekk mot slutten arrangerte me 19. september 2015 eit møte med styringsgruppa, eldsjelar frå øyene, ordførarar, fylkeskommunen og tidl statsråd Liv Signe Navarsete. Her hadde me ei kort gjennomgang av prosjektet og så ei svært positiv ordveksling rundt lokalsamfunnsutvikling, verkemiddel og vegen vidare.

På kvar øy har det vore tilflytting av fleire (tre-fem) barnefamiljar dei siste åra – dette er svært positivt for lokalsamfunna. Dei fleste av desse familiane ynskjer å bli buande på øyene.

Alle øyene jobbar jamt med prosjekt og tiltak knytt til bustadutvikling. Mykje innsats vert lagt ned på alle øyene for å gjera ledige hus tilgjengelege for utleige. På Fjelberg og Huglo har bygdelaga gjort avtale med kommunen om bygging av utleigebustad etter ”Møkstermodellen” – her vonar ein bygging tek til i løpet av kort tid. På Espevær har bygdelaget nyleg ferdigstilt to tomannsbustadar og på Møkster har bygdelaget nyleg sikra tomter for bustadbygging. Me ser at alle øyene har fått ein betre utleigemarknad dei siste åra – dette er svært positivt og me trur fokuset og jobben via prosjektet har verka inn på dette.

Alle øyene har jamnleg mindre trivselsskapande aktivitetar og kulturtiltak. Dette er tiltak som no er godt etablerte og rubuste lokalt. Av større nyskapingar kan nemnast Øydagane på Fjelberg, sommarpub på Espevær, musikkfestivalen Fabrikken på Huglo og Møkster maraton. Desse kultur næringane har vore svært suksessfulle, med mange besøkande og mykje positiv merksemd til øyene.

Prosjektet har utarbeida eit seminaropplegg kalla ”Korleis starta øybedrift”. Det har vore todagars seminar på alle øyene leia av tidlegare nærings- og utviklingssjef i Bømlo kommune; Magne Raknes. Her samla ein potensielle og etablerte gründerar på øyene til arbeid med nyskaping. Tilbakemeldingane og oppmøte var svært bra. Prosjektgruppene på øyene ser at dei har ei viktig rolle i å støtta og å leggja til rette for erfaringsutveksling og nettverk mellom ulike næringsaktørar.

Ny næring på øyene er viktig. Dei siste åra har det, med tett støtte frå prosjektet, blitt starta opp cateringselskap på Fjelberg, kafè på Huglo, leppefiskeri og bygningsfirma på Møkster. Målet er at fleire skal verta oppmoda og støtta i å starta opp nye verksemder. I desse dagar er nye satsingar som Møkster næringshage og restaurant på Espevær i startfasen. Havkontoret på Espevær har vorte utvikla som eit pilotprosjekt knytt til stadsuavhengige arbeidsplassar. Her er målet å tilby eit kontorfellesskap for personar og verksemder som ynskjer å bu og jobba på øya. Prosjekteringa er godt i gang og det er vonleg venta realisert innan eit år.

Prosjektet har vidareutvikla profileringsplattform med utarbeiding og trykking av brosjyrar og postkort for alle øyene. Dette materiellet vert òg nytta og vidareutvikla i digitalt profilering av øyene. Sommaren 2015 vart det produsert film frå og om prosjektet. Då vart det òg laga ein film frå kvar av øyene. Filmane vert nytta aktivt i profilering av øylivet.

Som ei markering og avslutning på denne prosjektperioden arrangerte prosjektet ”Historia om Øyliv” i Stord kulturhus 19. september 2015.

	<p>Eldsjelar og øyfolk var spesielt inviterte, saman med ordførarar, regionalt nivå, tidl statsråd Liv Signe Navarsete og andre. Arrangementet fekk god omtale i media og vart svært vellukka, med premiere på filmen frå øyene, innslag frå lokale musikarar, appellar og til slutt showet ”Sanger fra et liv” med Tore Strømøy og Reidar Brendeland. Dette vart ei verdig og positiv markering av innsats og resultat så langt.</p>
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<p>a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. c) Det er foretatt følgende justering: -byggestart av utleigehus på Fjelberg og Huglo vert vonleg 1. halvår 2016. Her har kommunal handsaming og prosjektering teke noko tid. Saman med at andre prosjekt på øyene har krevd mykje innsats.</p>
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<p>a) Helt lokal effekt b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen x c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant</p>
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p>På alle dei fire øyene har det i lang tid vore bygde-/grendalag som har drive lokalsamfunnsutvikling. Noverande prosjekt er såleis godt forankra lokalt gjennom desse laga. Dette ser me på som svært viktig. På kvar øy er det ei arbeidsgruppe under bygdelaget som organiserer bulystarbeidet. Desse gruppene har jamnleg kontakt med prosjektkoordinator for øyliv. Styringsgruppa møter kvartalsvis. All innsats er frivillig basert og me ser det som viktig å ikkje leggja opp til større aktivitetsnivå enn at eldsjelane framleis skal ha god fyr. Me ser det som sentralt at hovuddelen av arbeidet skal foregå lokalt på øyene. På same tid opplever me at styringsgruppa og kontakten i nettverket i prosjektet er til inspirasjon og støtte til eldsjelane på kvar øy.</p> <p>At lokalsamfunna på øyene til ei kvar tid er informerte og delaktige i bulystarbeidet er viktig. Fellesmøter og ei inkluderande haldning er naudsynt for å få dette til.</p> <p>Når det kjem til kontakt med potensielle tilflyttarar har øyene nytta ei enkel metodikk på nettstaden finn.no. Her vert stadig både annonsering av bustad og utveljing av tilflyttarar basert på erfaringar innad i prosjektet.</p>
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	<p>Me ser nettverket og samarbeidet mellom fleire lokalsamfunn som noko som har positiv overføringsverdi.</p> <p>”Møkstermodellen” for utleigebustad erfarar me har overføringverdi til andre kommunar. Prosjektet har vorte kontakta av fleire mindre lokalsamfunn med konkrete spørsmål om denne modellen.</p>
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på	<p>Prosjektet har jamnleg kontakt med Hordaland fylkeskommune og LivOGLyst-nettverket i fylket. Representantar frå prosjektet har vore deltakande på fleire samlingar i regi av LivOGLyst i fylket.</p>

samlinger med utgangspunkt i prosjektet	Me opplever stadig at andre bygdelag og lokalsamfunn kontakter oss med spørsmål knytt til lokalsamfunnsutvikling.
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	Sjå vedlagte dokument.
Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen x b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser x c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer x d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne x e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen x f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) x g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? x i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? x
Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	<p>Arbeidet på kvar øy er tenkt fortsatt slik som i dag. Då arbeidet er organisert innunder bygde-/grendalag på øyene, vil dette halda fram. Det er eit mål at tiltak/aktivitetar både administrativt og økonomisk skal stå på egne bein etter prosjektslutt. Tiltak knytt til trivsel og integrering må vera kontinuerlege i lokalsamfunna.</p> <p>Det er òg eit mål at nettverket og møtepunkta på tvers av øyene skal halda fram etter prosjektslutt. Å ha samlingar for eldsjelar på alle øyene er som sagt svært positivt og vil vera noko me jobbar for å etablere som fast praksis òg etter prosjektslutt.</p>